



HIMO AS  
Jordmorsvingen 4  
5200 OS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1015 - 16/20875

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
01.11.2016

## Godkjenning - igangsettingsløyve for oppføring av fritidsbustad på Refskar, gbnr 38/23.

**Administrativt vedtak. Saknr: 362/2016**

**Tiltakshavar:** Tone Helene Anderson og Per Harald Storli  
**Ansvarleg søkjar:** Himo AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1

### **Saksutgreiing/vurdering:**

Himo AS har på vegne av tiltakshavar søkt om igangsettingsløyve for oppføring av fritidsbustad på Refskar – gbnr 38/23.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 213/2016 – dagsett 21.06.2016.

### Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF og er i tabell 9.2 definert med status LNF-spreidd fritidsbustad. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. D et er ikkje trong for ny nabovarsling.

### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett o g gjennomføringsplan dagsett 20.10.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for oppføring av fritidsbustad på Refskar, gbnr 38/23, jf søknad med vedlegg motteke 26.10.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 20.10.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Tone Helene Anderson og Per  
Harald Storli

Råtræet 17

5239

RÅDAL

**Mottakere:**

HIMO AS

Jordmorsvingen 4 5200

OS